

Lagar Disneyland i Haugesund

Simba, Zazu, Aladdin, Snøkvit, Woody og ei heil drøss andre vener frå kjende disneyfilmar er klare for musikalsk familieshow i Staalehuset til helga.

Ingvild Sjo Slettebø

Bømlo Musikal Laug har handplukka 40 aktørar og 10 musikarar til oppsetjinga Zero to Hero, saga om Disney. Ei jente ska1 skriva eit foredrag, og brått får ho hjelp av disney-figurane som kjem ramlande fram.

-Me har det skikkeleg gøy. Dette er ein super gjeng å jobba med! seier Birgit Amalie Nilssen som har regi for det forrykande showet på ein time og 45 minutt (med pause). Etter påske har melodiose svisker frå filmene Løvenes konge, Snøkvit, Alice i Eventyrland, Pinoccio, Toy Story 2, Aristokattene, Hercules og Aladdin runga i foajeen ved Bømlo vidaregåande skule. Det einaste lokalet på øya som høver denne type oppsetjing.

-Dersom det fanst høveleg scene på Bømlo, ville me sjølvsgt spelt forestillinga her. Staalehuset er perfekt, seier Nilssen.

Familieforestilling

Bømlo Musikal Laug har øvd fem timar kvar dag og heile helgene sidan påske. Folk fra Bømlo, Oslo og Stord er med.

-Me har veldig fine solistar, seier regissøren og nemner nokre: Vidar Veda, Øystein Kausrud, Margrethe Lund Skorpen, Janne Robberstad, Michelle Hansen. Hans Gunnar Skreslett har musikalsk leiing, medan Janne Robberstad har ansvar for kostyme. Koreograf er Ida Sortland. Eit imponerende arbeid er lagt ned. Bømlo Musikal Laug gjer ting skikkeleg når dei først er i gang.

-Me tenkte å laga ei lita oppsetjing i vinter, berre for å halda lauget varmt. No ser det ut for at dette blir ganske stort likevel, smiler produsent Kjell Arne Røksund og foreslår handletur kombinert med disneyshow og pizza i Staalehuset i Haugesund til helga.

Jessie og Woody: -Det er kjempegøy. Heile

tida. Nei, me er ikkje leie! seier Amalie Habbestad (8) og Erik Larsen (8) etter to veker intens øving kvar dag. Dei gler seg til helga.

